



Referat frå elevrådsmøte fredag 11.03.2022

Elevar frå 3. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

Sak 1 Elevrådet har 4000 kr til disposisjon. Kva skal ein bruke pengane til?

Elevrådrepresentantane har drøfta saka i klassane, dei delte ønska til klassane. Etterpå valte kvar klasse ut 2 ønsker og så konkluderte elevrådet ut frå kva flest ønska.

Elevrådet bestemte at dei vil bruke pengane på nye fotballar, softballar, basketballar og spel til trinna. Skulen bestiller inn og lager ein «pakke med utstyr» som kvart trinn kan disponera.

Sak 2 Resultat elevundersøkinga.

Denne saka vart utsett pga fråvær på 5.-7.trinn. Rektor kallar inn til nytt møte der ein går gjennom resultatet.

Sak 3 Evt.

- Lurer på om det fortsatt skal vera diskotek eit matfriminutt i mnd? Det var veldig kjekt. Rektor svarer at ho har forstått det slik at det skal fortsette, men vil sjekke det med sosiallærer som arrangerer det.
- Ønske om at mellomtrinnet kan få vera inne i friminutta. Me sjekkar om det kan vera ein TL-aktivitet og ha spelegruppe inne av og til.

Sigrid Kjetland
-referent-